

# Møtereferat

## Deltakarar:

FFO: leiar Eli Sjo, nestleiar Marianne Sundvor, Michael Sønnesyn, Nooshin Zaery, Trude Aarseth (vara).

SAFO: Christel Borge Bersaas-Nesse, Renate Toft (til 11.30)

Pensjonistforbundet: Torveig Botnen.

Vestland Innvandrarråd: Everline Mjømen (til 12.20)

ProLAR Nett: Christine Lønne

Seksjon for samhandling: koordinator Randi Bjørgen Johannessen.

## Forfall:

Kreftforeningen: Terje Thue (vara kunne ikkje stille)

FFO: Lene Nilsen

## Kopimottakarar:

Helse Vest RHF

**Møteleiar:** Eli Sjo

**Møtedato:** 27.04.2026

**Klokkeslett:** 09.00 – 14.00

**Møtenr:** 3

**Møtestad:** Bikuben kurs- og konferansesenter

**Arkivref:** 2025/20631 - 40450/2026

---

## Referat frå møte i Brukarutvalet 27.04.2026

Saksnr	Emne	Ansvarleg
26/20	<b>Velkommen</b> Innkalling og dagsorden er godkjend	Fast
26/21	<b>Kva skjer i sjukehuset</b> v/viseadministrerende direktør Clara Gram Gjesdal  Brukarutvalet fekk i møtet informasjon om viktige tema som har betydning for pasientar og pårørande ved Haukeland universitetssjukehus. Det vart lagt vekt på korleis sjukehuset arbeider for å gi trygge, samanhengande og tilgjengelege helsetenester, trass i press på både økonomi og bemanning.  Eit sentralt tema var ventetider og pasientflyt. Sjukehuset har sett i verk fleire tiltak for å redusere køar og sikre at pasientar får nødvendig behandling til rett tid. Det vart også orientert om arbeid med pasienttryggleik og oppfølging av uønskete	Fast

	<p>hendingar, med mål om kontinuerleg læring og betre kvalitet i tenestene.</p> <p>Brukarutvalet fekk informasjon om nytt pårørandesenter ved alvorlege hendingar. Pårørande vil bli tatt imot i Bikuben kurs- og konferansesenter, som skal gi betre og meir verdige rammer i krevjande situasjonar.</p> <p>Det vart også presentert fleire utviklings- og forbetningsprosjekt som har fått støtte i 2026. Mange av desse er retta mot betre digital oppfølging, sterkare samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunane, og nye tilbod for læring og meistring for pasientar og pårørande.</p> <p>Avslutningsvis fekk Brukarutvalet ei samla oversikt over aktivitet ved sjukehuset, inkludert polikliniske tenester og bruk av digitale løysingar, som skal gjere det enklare for pasientar å få oppfølging i kvardagen.</p>	
26/22	<p><b>Samhandlingsmodell for digital heimeoppfølging (DHO)</b> v/rådgjevar Ingrid Marie Iversen</p> <p>Presentasjon av arbeidet med ein felles samhandlingsmodell for digital heimeoppfølging (DHO). Målet med prosjektet er betre samhandling mellom kommunar, fastlegar og spesialisthelsetenesta, og å gi pasientar betre støtte og oppfølging i eigen heim.</p> <p>Det vart gjort greie for korleis brukarrepresentantar er involverte i prosjektet gjennom helsefellesskapsstrukturen og brukarutval på regionalt og føretaksnivå. Brukarstemmene er inkluderte i innsiktsarbeidet og i utviklinga av tenesta.</p> <p>Det er fleire barrierar for innføring av digital heimeoppfølging, mellom anna ulik organisering og fagleg tilnærming, kultur- og samarbeidsutfordringar, uklare roller og ansvar, utfordringar med å inkludere fastlegar, kompetansemangel og manglande koordinering mellom ulike DHO-initiativ.</p> <p>Innsiktsarbeidet har omfatta brei involvering frå fastlegar, kommunar, spesialisthelsetenesta og brukarrepresentantar. Dette har gitt viktige erfaringar og perspektiv på kva som skal til for å lukkast.</p>	Seksjon Samhandling

	<p>Hovudtrekka i DHO-tenesta blei presenterte, mellom anna ei sentral oppfølgingsteneste, DHO-koordinator i kvar kommune, enkelt og intuitivt brukargrensesnitt for pasientar, felles eigenbehandlingsplan og tydelege kriterium for deltaking. Det vart understreka behovet for klar forventningsavklaring, definert ansvar og rollefordeling, samt at tenesta ikkje er ei døgntkontinuerleg løysing.</p> <p>Avslutningsvis bad prosjektet om innspel frå Brukarutvalet, særleg råd om god brukarinvolvering vidare i utvikling og implementering av den digitale heimeoppfølginga.</p> <p>Brukarutvalet har fått moglegheit til å gje skriftleg innspel, med frist 15. Mai 2026.</p>	
26/23	<p><b>Prosjekt X; Ny samhandlingsmodell i Voss lokalsjukehusområdet</b> v/ass.direktør/prosjektleder Gunn Iren Hovda Engvold og prosjektleder Liv Jorunn Solstad</p> <p>Voss lokalsjukehusområde er valt ut som eitt av 14 område i landet som skal prøve ut Prosjekt X – ein ny måte å samarbeide på mellom kommunehelsetenesta og sjukehuset. Ordninga gjeld kommunane Kvam, Voss, Ulvik, Eidfjord og Vaksdal, samt Voss sjukehus og Voss DPS.</p> <p>Målet med Prosjekt X er å gi pasientar og brukarar meir samanhengande og trygge helsetenester. I staden for at pasientar blir sende fram og tilbake mellom kommune, fastlege og sjukehus, skal fagpersonar samarbeide tettare og ta felles ansvar for vurderingar, prioriteringar og oppfølging.</p> <p>Frå hausten skal det prøvast ut ein ny samhandlingsmodell der kommunehelsetenesta og sjukehuset i større grad jobbar som eitt lag. Modellen byggjer på meir tillit, felles mål, tydelege roller og større handlingsrom for tverrfaglege team, slik at fleire løysingar kan finnast nær pasienten og der folk bur.</p> <p>Prosjektet har særleg fokus på pasient- og brukargrupper som ofte opplever brot i tenestene i dag, mellom anna eldre med skrøpelegheit og kvinner og familiar i svangerskap, fødsel og barseltid. Med betre koordinering og felles vurderingar er målet enklare pasientforløp, raskare avklaringar og meir heilskapleg hjelp.</p>	Voss sjukehus

	Deltaking i Prosjekt X gir Voss lokalsjukehusområde ei viktig rolle i utviklinga av framtidens helsetenester, til beste for innbyggjarane i regionen.	
26/24	<p><b>Ny luftambulansebase i Bergen</b> v/lege og tillitsvalgt for legene luftambulansen i Bergen, Ørjan Aasebø</p> <p>Brukarutvalet fekk ei orientering om situasjonen for luftambulansen i Bergen og behovet for ei permanent baseløysing. Luftambulansebase i Bergen har vore mellombels lokalisert sidan oppstarten i 1988, først sentralt i byen og frå 2002 på Grønneviksøren/Tonningsneset. Leigekontrakten med Bergen kommune går ut i 2027, og noverande base må då fråflyttast.</p> <p>Luftambulansen i Bergen har ein særleg viktig funksjon i akuttberedskapen for byen og regionen. Over ein treårsperiode har ein stor del av oppdraga vore legebiloppdrag, fleire enn ved nokon annan base i landet. Pasientane er ofte alvorleg sjuke eller skadde, og ein stor del av oppdraga skjer innanfor sentrale delar av Bergen.</p> <p>Det vart peika på utfordringar knytt til plassering av luftambulansen, både med omsyn til responstid, samhandling mellom kommunale og spesialiserte helsetenester og total beredskap. Rask tilgang til avansert akuttmedisinsk hjelp kan vere avgjerande for liv og helse.</p> <p>Ei flytting av luftambulansen ut av Bergen kan få alvorlege konsekvensar for pasienttryggleiken. Fleire liv kan årleg gå tapt dersom luftambulansen ikkje lenger er lokalisert i nærleiken av byen, og at Bergen står i fare for å miste eit høgspesialisert akuttmedisinsk tilbod til innbyggjarane.</p> <p>Det er behov for ei langsiktig og permanent løysing for luftambulansebase i Bergen for å sikre forsvarleg beredskap og likeverdige helsetenester for befolkninga.</p> <p>Brukarutvalet vil diskutera på neste Au møte om og korleis dei kan følgje opp denne saka vidare.</p>	Tillitsvalgt for legene v/luftambulansen i Bergen
26/25	<p><b>Prosjekt Prehospital vurderingseining.</b> Gjekk ut på grunn av sjukdom.</p>	KSK

26/26	<p><b>Avvikling av Pasientbiblioteket</b> v/rådgjevar Synnøve Stub Tangen og Erik Vigander</p> <p>Brukarutvalet fekk orientering om prosessen knytt til avvikling av pasientbiblioteket. Avviklinga er del av budsjettprosessen hausten 2025 og vart formelt vedteken i styremøte i desember 2025. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe i februar 2026, med mål om at biblioteket skal vere avvikla og overlevert innan 1. juli 2026.</p> <p>Arbeidsgruppa består av representantar frå biblioteket og kommunikasjonsavdelinga, og har hatt ansvar for å planleggje og gjennomføre avviklinga. Eit overordna mål har vore å sørge for at bøker framleis er tilgjengelege der pasientar og pårørande oppheld seg.</p> <p>Oppgåvene for arbeidsgruppa har mellom anna vore å kartleggje bøker og inventar, vurdere interne behov for bøker, samarbeide med eksterne aktørar som skulebibliotek, organisere pakking og transport av bøker, utarbeide kommunikasjonsplan og ha dialog med Brukarutvalet og andre involverte einingar. Det har også vore dialog med Arealforvaltning, Pasientreiser og Frivillighetstenesta om vidare bruk og drift.</p> <p>Frå 1. juli 2026 vil areala som tidlegare har vore nytta til pasientbibliotek, bli tilrettelagde som utvida venteareal. Nokre bøker, møblar og hyller vil bli ståande. Pasientreiser tek over abonnement og vidare forvaltning av aviser og blad. Det er eit ønske om at frivillige kan bidra til oppfølging av venteareala med bøker, men tilbodet vil ikkje vere bemanna.</p> <p>Saka har fått stor merksemd, og det vart understreka at god informasjon og dialog med brukarar og samarbeidspartnarar er viktig i vidare oppfølging.</p>	Kommunikasjonsavdelinga
26/27	<p><b>Eventuelt</b> - Fordeling av verv og deltaking i prosjekter</p>	Brukarutvalet
26/28	<p><b>Revisjon utviklingsplan for Helse Bergen 2022 - 2035</b> v/rådgjevar Ingvild Sunde og Birte Midtun</p>	Strategi, organisasjon og leing

	<p>Brukarutvalet fekk tilsendt dokumentet for utviklingsplanen, saman med ei oversikt over kva delar som var særleg viktige å setje seg inn i før møtet i Brukarutvalet 27. april.</p> <p>I møtet blei disse tre hovudspørsmåla drøfta:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Kva fungerer godt i utviklingsplanen 2022–2035?</li><li>- Kva meiner de manglar i planen?</li><li>- Kva kan eventuelt takast ut eller prioriterast annleis.</li></ul>	
--	---	--

Randi Bjørgen Johannessen  
referent